

# Søknad om stønad frå "Årets modell" 2016 - Fedje bibliotek

Fedje Folkebibliotek vil med dette søkje om støtte til å verte modellbibliotek 2015.

Me ser for oss ei fornying av barneavdelinga, med nytt inventar og nye aktivitetar. Biblioteket vart bygd av gamle «Mongstadbarakker» på slutten av 80 talet, og det er ikkje gjort nokon oppgraderingar sidan.

Fedje Folkebibliotek er eit kombinasjonsbibliotek med Fedje skule, og har dagleg besøk av skuleelevar. Vi vil og være ein god møteplass for born under skulealder, og ser at det er viktig at born vert kjend med biblioteket så tidleg som mogeleg. Det er og eit ønskje at større born brukar biblioteket etter skuletid.

Barneavdelinga er det første du møter når du kjem inn i biblioteket. Nytenking av både inventar, og den fysiske samlinga, vil gjere biblioteket til ein meir attraktiv og imøtekommande møteplass.

Vi har ei stor boksamling og ser det som nødvendig at samlingane for både born og vaksne vert vurdert og aktualisert.

Fedje kommune vil bidra med kr 100 000,- i økonomiplanen for 2016, men må ta atterhald for politisk godkjenning.

Med von om positivt svar.

Med helsing

Else Færøy  
bibliotekssjef